200901128-197
KV/JASO 312

Kirsten Kleppe Lyslo
Pb 55
6821 SANDANE

Til NVE
Jan Larsen

Ref. 200901128-162 KV/jaso

Viser til telefonsamtaler og e-postar.

Først ei supplering til tekst av "Ingemar." Hans sitt fulle namn og adresse er: Ingemar Ehn Hermelinvägen 5, 13433 Gustavsberg, Sverige. Han er gift med Anna Ehn-grunneigar på Reed - som har skrive om Storelva m.a 4. august 2011.

Eg er glad for at fotoarka mine kan nyttast også vedkomande Breim Kraft sine alternativ A og C.

Medlemmer i Sameige Nedreb 100/19 og 30 er Arne Kleppe, Hilde Kleppe, Lena Kleppe, Anne Grete Kleppe og underskrivne. Alle har skrive om Breim Kraft alternativ A No avviser vi C og lejem med

forslag om eit alternativ D - eit langt mindre kraftverk ved Flølofossen.

Historiske Reed er forhida deia av eit interimsstyre; men medlemsmassen er den same. Vi arbeider for folkehelse, friluftsliv og kultur m.a. med vandring og synfaringar. Vi har sidan starten hatt godt samarbeid med fylkeskommunen bl.a ved Berit Gjerland og Stig Nordrumshaugen. "Det er no toget går for Reed" får vi høyre og erfare.

Viser til tidlegare tilsendt skriv og til Kurt Oddekalv sitt innspel i Nytt rasjonaliseringsforslag i Breimsvassdraget Firda Tidend 30. nov 2012. Han målber vår meining!

Vedlegg 1. Svein Hjelmeset: Om fuglar

Vedlegg 2 Staffan Hjelmann: Synfaring Breimsvatnet 10.10.2012

Sandane 16.01.13

Med helsing
Kirsten Kleppe Lysta

Vedlegg 1. Også sendt inn i 09 (Linja Sandane Reed.)

**Til Historiske Reed**
**Vedkomande 132 Kv kraftlinje Sandane – Reed**

Har blitt førelagt kart og planar for linjetrase for 132 Kv kraftleidning Sandane-Reed. Eg er spurt om å seie noko om sjeldne fuglar i området.
Kvart år er det fleire – opp til 10-15- songsvanar som overvintrar på nedre del av Breimsvatnet – Vassenden/Kjørvika. Dette er store fuglar som har lett for å kollidere med høgspentlinjer.

Det finst og hekkande hubro i området. Denne fuglen er sterkt utryddingstruga, og det er velkjent at han ofte omkjem i kollisjon med linjenettet.

Den tredje fuglesorten som ofte flyg innover Breimsvatnet er havørna. Det er sannsynleg at denne fuglen hekkar langs Breimsvatnet innover mot Førs.

Smålomen er og ein truga fugl som hekkar fleire stadar i Gloppen. Spesielt dei para som årvisst hekkar i Åstjønna og i Røsskleivdalen, hentar maten frå Breimsvatnet .

Mest mogeleg kabling i vatn/jord, ville vere med på å verne spesielt dei nemnde, utryddingstruga fuglane.

Sandane 11.11.09.09
Mvh
Svein Hjelmeset
- naturfaglærar og fugleteljar i Gloppen for FM i Sogn og Fjordane-



Havørn lettar. 270 cm mellom vengespissane. (Foto: Svein Hjelmeset)



Smålom på flytetorv i Røsskleivdalen 2006 (Foto: Svein Hjelmeset)



Sangsvane – vaksen og ein ungfugl – på Vassenden av Breimsvatnet 2006 (Foto: Svein Hjelmeset)

Vedlegg 2

# GLOPPEN KOMMUNE
## TEKNISK KONTOR

Kirsten Kleppe Lyslo

6823 SANDANE

Att:

| **Dykkar ref** | **Vår ref (oppgje ved svar)** | **Arkivopplysningar** | **Dato** |
|---|---|---|---|
| | 12/10724 | 10/1199-25 / / K54 / | 15.10.2012 |

## Synfaring Breimsvatnet 10.10.2012

Tid: 10.10.2012 KL 9 – 10.30
Stad: Synfaringa omfatta nedste del av Breimselva frå idrettsplassen ned til vatnet, Løkane ved Reed Camping og Fritid, Reedfjøra.
Deltakarar på synfaringa: Kirsten Kleppe Lyslo og Staffan Hjohlman

Kirsten Kleppe Lyslo hadde bede underteikna om synfaring ang vasskvalitet i Breimsvatnet og tilgrensande område på Reed.

Forbygginga langs nordsida av elva frå brua og ned mot vatnet går ikkje så langt som vegen som er innteikna på kartet i Vann-nett. Forbygginga stoppar i høgd med sørleg grense til campingplassen. Krattskog langs elvesida av forbygginga.

Skogholt ytst på neset nord for elveutløpet er suksesivt redusert. Grasmark / plen anlagt.

Lyslo hadde merknader til kva som er gjort av utfylling og etablering av molo ved småbåthamna. Tidlegare naturleg fjøre med sandstrand langs landtunga mellom løkane er nedbygd. Likeså fjøra langs austsida av utløpet til Storeløken nedbygd med ein mur, rett utanfor ei nyanlagd bru.

Det vart reist spørsmål ved behandling av kloakk frå campingplassen og fleire av bustadane mellom elveutløpet og Reedfjøra. Der er tømmestasjon for bubilar på campingplassen ved innkøyringa, like ved småbåthamna. Dåveløkjen, der småbåthamna ligg og som er avskjerma av ny molo, synast å vere ein dårleg resipient for eventuellt overløp frå septik / tømmestasjon. Sandstrand innanfor båthamna innbyr til bading.

Reedfjøra. Lyslo har observert belegg på kantsteinane til bekken som renn ut her. Hadde merknader til restaureringa av fleire av nausta, mellom anna bruken av betongfundament og ein ny mur langs austsida av bekken.


| Postadr.: | Telefon: | Telefaks: | Organisasjonsnr.: | E post |
|---|---|---|---|---|
| 6823 Sandane | 57 88 38 00 | 57 88 38 01 | 964 969 124 | post@gloppen.kommune.no |

Uvanleg låg vasstand ved synfaringa. For få veker sidan var her uvanleg høg vasstand. Ved synfaringa låg rekved m.m. igjen etter det.

Staffan Hjohlman
prosjektleiar Vassområde Nordfjord
tlf. 904 02 661

**Vedlegg:**

| Dok.nr | Tittel på vedlegg |
|---|---|
| 182863 | Synfaring Reed 10.10.2012.pdf |

Vedlegg 4




